

Ståle Dyrvik

Skifte som kjelde til økonomiske og sosiale forhold i bondesamfunnet

Innlegga til Harald Winge og Alan Hutchinson har understreka to sider ved skifta som historisk kjelde: Dei har ned gjennom tida vore gjenstand for ei omfattande offentleg regulering som det er absolutt nødvendig å kjenna for å kunna bruka og tolka materialet forsvarleg. Dei er dertil så innhaldsrike at det vert stilt uvanleg strenge krav til rasjonell datahandtering. Før ein gir seg i kast med ei utnytting av denne rike kjelda, er nokre grunnleggjande spørsmål kanskje på sin plass.

Passiva og aktiva i eit bu vil alltid vera uttrykt i pengar og summera seg opp av takstar som er sette på kvar enkelt eignelut. Det skulle vera lett å skjøna kor mykje som står og fell med denne takseringa. Er odelsjord verdsett etter marknadspris? Korleis kan vurderingsmennene setja verdi på heimegjorde gjenstandar som sjeldan eller aldri går i handel? Ein lokalhistorikar vil derfor ha stor nytte av å ta vare på alle slags prisopplysningar frå andre kjelder, slik at ein i det minste eit stykke på veg kan danna seg eit bilete av kor røyndomsnære skiftetakstane er.

Dersom summene er å stola på, kjem spørsmålet: Kan ein slutta beinveges frå eigedom til levekår eller levestandard? Om levestandarden kviler på forbruk, vil eignelutane i buet gi ein misvisande målestokk. Ein lønstakarfamilie (som ein dagleigar) kan materielt sett ha mindre eige å skilta med enn ein produksjonsfamilie (som ein gardbrukar), men kjernen må vel vera den inntekta kvar av dei har rådd over. Den er ikkje skiftet noko direkte inntak til.

Eiga er vidare problematisk når ho kjem til syne som minuspost: Korleis skal ein oppfatta gjeld? Ho kan vera eit teikn på sviaktande inntekt, men kan like gjerne tolkast som ei positiv økonomisk tilpassing. Endeleg bør ein ha klart for seg at det ikkje alltid er samanfall mellom å eiga og ha rådvelde over. Dette ser ein tydeleg av td. husdyropplysningane i folketellinga 1875. Lånte eller leigde gjenstandar kan vri det biletet skiftet teiknar.

Representativitet — endå ein gong

Spørsmålet om representativitet vil alltid forfylgja brukaren av skifte, men på nokre særskilde måtar i granskinga av økonomiske forhold. Når det vert halde arveoppgjer etter ei enkje eller ein enkjemann, kan ein vera tolleg trygg på at dette er andre gong buet til dette hushaldet vert registrert og delt. Normalt skal det då innehalda mindre enn første gongen. Dersom den gjenlevande skulle ha gifta seg opp att, vil vi ikkje verta åtvara om eit slikt redusert andregongsskifte. Ein treng derfor å halda orden på namna til døde og gjenlevande for å kunna skilja første- og andregongsskifta. Eit av dei mest plagsomme problema gjeld handteringa av fattige bu. Har det vore ein tendens til at ein ikkje tok bryet med offentleg skifte når lite og inkje fanst å dela på og fylgjeleg også å løna skiftefor-valtaren med? Dette kan ein berre kontrollera gjennom å halda skifta saman med dødslistene i kyrkjeboka.

Vidare finst det to syklusar som kan få alvorlege fylgjer for den økonomiske tolkinga av skifte. Skiftet er ikkje framkalla av at personen *er* i ei gruppe av eit eller anna slag, men av at vedkomande *døyr* i gruppa. Derfor vil dei som det vert halde skifte etter, systematisk ha høgare alder enn gjennomsnittet i gruppa. Av den grunn bør ein ikkje bruka skifta utan å ha ei eller anna formeining om korleis økonomisk aktivitet og formuesdanning skjer gjennom livssyklusen. Det er fullt mogeleg å førestilla seg at eldre menneske trappar ned og kanskje beintfram tærer opp eiga si ved forbruk eller ved gåver og overføringar lenge innan døden og skifteforvaltaren innhentar dei. Den andre syklusen er mindre farleg, men reell nok: Mange aktivitetar er årstidsavhengige og kan gi svingingar i forråd og eigneluter. I det gamle jordbruket vil husdyrtalet vera mest typisk i så måte, med kalving, lamming og slakting samla på heilt bestemte tider av året. 1700- og 1800-talets mortalitetsmønster med opphoping av dødsfall i vinterhalvåret vil derfor ha gitt oss flest skifte frå ein periode med lågmål i husdyrtal.

To hushaldstypar — to skifteprofilar?

I historisk demografi har det dei siste 25 åra blitt lagt ned eit stort arbeid i å studera hushaldsstruktur. Eit ganske gjennomgåande trekk ved det førindustrielle vesteuropeiske hushaldet er at gjennomsnittstorleiken aukar markant med aukande sosial status. Men kva er det då eigentleg som bestemmer storleiken? Sidan tenestefolka er den einskilde kategorien innanfor hushaldet som varierer mest, gjekk dei første arbeidshypotesane ut på at det var omfanget av produksjon i hushaldet som gav sysselsetting og dermed bestemte medlemstalet. Gardbrukarhushald var større enn husmannshushald, og dei igjen var større enn dagleigar- og innersthushald. Men denne hypotesen vart undergraven td. av at embetsmennene regelmessig låg på topp i storleik, jamvel i byane der dei ikkje rådde over embetsgardar. Vi vil

derfor våga fylgjande forklaring: Eigentleg er den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken ein funksjon av hushaldets totale inntekt. I dei tilfella der inntekta vert vunnen ved produksjon, er samanhengen i og for seg grei nok. Men i tillegg ser det ut til at også forbruk kan skapa arbeidsplassar. På ein solid embetsgasje kunne det først ei storslegen husholdning med mange tilsette tenestefolk. Eit skifte gir som alt nemnt ikkje mål på inntekt, men på eige. Men dersom ein kan skilja mellom produksjons- og forbruksdelane av gjenstandsmassen, har ein nådd vesentleg lenger i retning av ei typologisering av skifta som kan kasta eit viktig lys over sosiale grupper og den økonomiske basisen deira i den førindustrielle perioden.

Gjeld og krav som problemfelt

Gjeld og krav er som bruer mellom bu eller hushald. Dei indikerer relasjonar og nettverk, og dei kan, som vi har sett, tolkast svært forskjellig. Gjelda kan vera krise- eller tilpassingsteikn, og krav kan lesast som passiv pengeplassering eller som teikn på ei løpande økonomisk verksemd. Ein bør med andre ord halda nøye auga med desse to minus- og plusspostane, og ikkje berre ta dei som totalar, men også sjå etter kva dei summerer seg opp av.

La oss sjå nærare på eit døme: Då Jon Ingebriktsson Bjørk frå Etne i Sunnhordland miste første kona si og det vart halde skifte i 1791, nådde buets bruttoeige opp i vel 1500 rd. Av dette var kring 1180 rd. tilgodehavande hjå 69 namngjevne personar. Sjølv om det relative innslaget av gjeld og krav i skifta frå Etne på slutten av 1700-talet var klart stigande, er dette sjølv sagt eit ekstremt tilfelle. Jon Bjørk tilhørde ei velstående slekt, og garden hans var over middels god og sikkert i stand til å auka formuen hans ytterlegare over tid. Ein kan førestilla seg at denne etnebonden plasserte det økonomiske

overskotet sitt i pengeutlån, omtrent som vi i dag brukar banken. Men i så fall gjorde han det sikkert tungvint for seg sjølv ved å ha så mange skuldmenn og låna så mykje ut i smått – over helvta av dei 69 stod i gjeld med mindre enn 10 rd. kvar. Største einskildposten var på 66 rd., som heller ikkje var særleg mykje. Mistanken melder seg då om at denne debitorflokket ikkje kan ha vore Jon Bjørks svar på sparebanken.

Men kva då? Ser vi kvar skuldmennene budde, finn vi 26 i Etne, 2 i dei nordlege grannebygdene Skånevik og Fjelberg, heile 38 i den sørlege grannebygda Sauda i Ryfylke, og endeleg 2 i Odda i Hardanger og ein heilt borte i Nummedal. Ved hjelp av bygdebøkene kan ein finna ut kven folka var: Dei fordelte seg på både gardbrukarar og husmenn, og utan stor skilnad i lånesummar desse gruppene imellom, og vi finn både unge og gamle debitorar i naturleg blanding. Arnvid Lillehammer hjelpte meg vidare med saudabuane: Av skifta deira kunne han slå fast at mange av dei hadde langvarige økonomiske band til Jon Bjørk, men at lånesummane svinga ganske kraftig over tid. Så finlas eg lista over lausøyre i buet på Bjørk, og fann i tillegg til buskapen heime på garden heile 23 storfe utplasserte hjå folk i Etne og Sauda. Hypotesen blir då denne: Debitorane til Jon Bjørk representerer eit nettverk for handel med krøter. Jon har organisert oppkjøp i Etne og Sauda og driftetraffikk austover til Austlandet. Debitorane kan vera å oppfatta som kommisjonærar utstyrte med pengar til å kjøpa dyr hjå andre for, eller som leverandørar som hadde fått forskot. Handelsavtalane vart gjorde om vinteren (skiftet er frå 1. februar), med verknad frå fylgjande vår.

La det igjen vera sagt at Jon Bjørk høyrer til dei sjeldne tilfella. Men han kan vekkja oss til å bruka gjeld og krav til å granska økonomiske relasjonar. Det er velkjent korleis debetpostane i bondeskifta kan utnyttast til å studera handelssamkvemet med kjøpmannen i næraste kjøpstad. I tillegg kan ein utan tvil få mykje ut av å fylgja kredittstraumane innanfor eige undersøkingsområde.

Eit analyseapparat for skifte

Med dei føregåande innkasta i minne kjem spørsmålet om korleis ei utnytting av skiftetilfanget kan skje utan at den stakkars historikaren drep seg sjølv med arbeid. Finst det gode metodiske førebilete? Litteraturen om skifte er ikkje så sparsam som ein gjerne i utgangspunktet førestiller seg. Mange av dei nyaste lokalhistoriene har vore innom skifta i ein eller annan samanheng. Særleg i den store mengda av hovudfagsoppgåver kan ein finna arbeid som eksplisitt har utnytta denne kjelda og drøfta kjeldeverdien. Desse oppgåvene kan delast i tre ulike typar. Nokre er spesialiserte ved at dei konsentrerer seg om visse innhaldskategoriar, td. reiskapar, klede eller husdyr. Ein annan type er oppgåver som har eit større emne, men som trekkjer med seg summarisk stoff frå skifta, td. gjennomsnittleg nettoformue som indikator på økonomisk vekst. Den tredje typen er den viktigaste for dette innlegget, men også den som er svakast representert i litteraturen: Oppgåvene som tek for seg skifta i full breidd og rimeleg stor detalj. Av desse er det fire eg kjem til å bruka her: I kronologisk orden oppgåvene til Anders Kåre Engevik (1975), Anna Tranberg (1979), Kåre Andersen (1986) og Alan Hutchinson (1993). Engevik går over eit stort spenn frå ganske detaljert gjenstandsregistrering til slutningar om store sosiale grupper. Tranberg er meir oppteken av økonomisk forandring i undersøkingsområdet sitt, og ser då økonomien dels samla, dels oppløyst i sektorar. Andersen legg størst vekt på kjeldeforståinga og metodar til å utnytta dei store datamengdene. Hutchinson startar ut om lag som Tranberg, men blir gradvis meir og meir oppteken av kjeldekritiske spørsmål. Utviklinga desse fire forfattarane teiknar, er nesten omsnudd av den ein skulle forventa: Dei startar med massiv empirisk utnytting, men blir etter kvart stadig meir opptekne av berekrafta til materialet.

Alle har dei vist at gjenstandsgrupper er utelatne. Dei dokumenterer også at gjennomsnittseiga kan ha fluktuert ganske mykje i løpet av eit

hundreår som 1700-talet, utan å koma heilt til botnar i kva ustabiliteten skuldast. Alle har dei fått fram resultat som verkar oppsiktsvekkjande i det påstått egalitære norske samfunnet: Det førekjem svære skilnader innanfor grupper som eigentleg skulle ha levd i nokså like kår. Av og til kan forskjellane td. innanfor bondegruppa vera større enn mellom den og dei såkalt «ringarestilte» husmennene.

Desse fire forfattarane hjelper oss med spørsmålet om korleis ein reint praktisk kan lesa økonomiske opplysningar ut av eit skifte. Dersom det ikkje er den einskilde gjenstanden som er utblinka som mål for undersøkinga, vil arbeidsmåten gi seg sjølv: Ein må forenkla gjennom å samla eller gruppera innhaldet i skiftet. I somme skifte kan ein faktisk sjå at dette er gjort gjennom overskrifter som «Træfang» eller «Sølv». Då er det altså materialet gjenstanden er laga av som er lagt til grunn for inndelinga. Oftast er ei slik inndeling litt tilfeldig og sjeldan uttømmende eller konsekvent. Det er ikkje akkurat dette vi treng. Eg har sett ei anna inndeling som også kan seiast å vera litt spesiell, men som opna augo mine når det gjeld sjølvbergingsgraden i det norske bondesamfunnet på 1700-talet: Kva gjenstandar må vera kjøpte, og kva kan vera framstilt i hushaldet? Brått oppdagar ein at vanlege folk omgav seg med utruleg mykje kjøpegods, somt jamvel frå utlandet. Men som sagt er det heller ikkje denne todelinga vi treng for å kunna beskriva og analysera innhaldet i eit bu. I undersøkingane til Engevik (1975), Tranberg (1979) og Hutchinson (1993) finn vi derimot tre utgåver av eit inndelingssystem som grunnar seg meir på kva *funksjon* eigenlutene hadde. Dei kan gjengivast slik:

I. Engevik

- 1) Bruttoeige
 - a] Krav
 - b] Jordegods
 - c] Lausøyre
 - i] Buskap
 - ii] Nyttegjenstandar
 - iii] Overskotsgjenstandar
- 2) Gjeld
- 3) Nettoeige

II. Tranberg

- 1) Fast eiendom
 - a] Jord
 - b] Hus
- 2) Husdyr
- 3) Innbo og redskaper
 - a] Korn
 - b] Kull
 - c] Innbo/redskap
 - d] Pram/fiskeredskap
- 4) Annet
 - a] Tilstående gjeld
 - b] Obligasjoner
 - c] Rede penger

III. Hutchinson

- 1) Verdisaker
- 2) Utestående gjeld
- 3) «Overskuddsvarer»
- 4) «Varer»: beholdninger av korn, fisk, salt osv.
- 5) Jernfang
- 6) Trefang
- 7) Sengklær
- 8) Gangklær
- 9) Sjøredskap, med båter
- 10) Naust, inklusiv sjøskjå og bu
- 11) Husdyr

Vi ser her at Hutchinson og til dels Tranberg dreg med seg «arts»-inndelinga med vekt på typar av eigneluter og med framheving av ting som har vore vanlege i det lokale distriktet eller som forfattaren har vore spesielt oppteken av. Engeviks system er knappare, men samtidig meir uttømmende: Det er meint å fanga alt og samtidig gi totalsummar for brutto- og nettoeige. For ein generell studie av formuesforhold vil dette systemet vera best eigna. Men det kan forbetrast ved at ein

legg inn noko fleire gjenstandskategoriar etter mønster frå Tranberg og Hutchinson. Mitt personlege forslag til eit inndelingssystem vil derfor sjå slik ut:

IV. Dyrvik

- 1) Gjenstandar (+)
 - a] Jordegods
 - b] Hus
 - c] Buskap
 - d] Såkorn
 - e] Produksjonsgjenstandar
 - f] Utstyr til forbruk
 - g] Overskotsgjenstandar
- 2) Krav (+)
- 3) Gjeld (-)
- 4) Utlegg (-)
 - a] Gravferd
 - b] Skiftekostnader
- 5) Til arvingane (=)

Plusspostane er her i utgangspunktet berre to, nemleg gjenstandar (i ordets vide forstand) og krav. Den same todelinga gjeld minuspostane, som er utmynta i gjeld og utlegg. Nettoeiga, det som er igjen til arvingane, kjem sjølvst ut når minus vert drege frå pluss. Kva som er bruttoeige, er eit definisjonsspørsmål. Ho omfattar sjølvst gjenstandar og krav, men utan dødsfall og skifteforretning ville buet i tillegg ha disponert det som no sorterer som utlegg.

Systemet skulle ta godt vare på hovudpostane i skiftet. Monaleg meir omstridd vil nok undergruppene av gjenstandar verka. Jordegods vil oftast vera lett å spora i eit skifte og interessant fordi det fortel om graden av sjølveige. Hus er også ei tung gjenstandsgruppe, endå ho vesentleg vil vera spesifisert blant leiglendingar og husmenn. Buskap og mengd av såkorn gir sentrale inngangar til sjølve jordbruksdrifta. Det er fylgjeleg dei siste tre kategoriane som er mest diskutabile. Ved å skilja mellom produksjonsgjenstandar og utstyr til forbruk

kan ein danna seg eit økonomisk bilete av vedkomande hushald. I eit gardbrukarbu vil ein normalt finna eit stort innslag av den første typen, medan ein embetsmannsheim vesentleg vil innehalda ting av forbrukstypen. Som tidlegare nemnt kan ikkje skifta gi oss nøkkelen til levestandard fordi dei ikkje gir oss det fulle grepet på inntekt og forbruk. Men ved å ringa inn den delen av gjenstandsmassen som er knytt til forbruk, kjem ein likevel eit stykke på veg. Den siste undergruppa overskotsgjenstandar er meint å fanga reine velstandsytringar, som pengar, stasing, edelmetall osv.

Ved nærare ettertanke oppdagar ein fort at skiljet mellom produksjon, forbruk og overskot må vera temmeleg vanskeleg å trekkja skarpt og utvetydig. Korleis klassifiserer ein eit langbord, ei kjøtkvern, ein hammar eller ein sliten silkevest? Produksjon må vera å forstå som framstilling av varer av alle slag, til sal eller til eige bruk. Bearbeiding av varer til eige bruk kjem derimot under «forbruk». Det same gjer sjølvstekt alle slags ting som høyrer med i funksjonen «å bu», dvs. møblar, klede, matstell osv. Overskotsgjenstandar må omfatta eigneluter som har ein viss minsteverdi, som ikkje er i dagleg bruk og som har større symbolsk enn praktisk nytte. I ein norsk bondeheim på 1700-talet kan både bøker, tinntallerknar og finplagg truleg reknast til denne kategorien. Men dette er sikkert den vanskelegaste grensedraginga i mitt system. Praktisk er likevel ikkje vanskane større enn at dei let seg løysa: Det er ikkje den teoretiske plasseringa som er viktigast, men at ei vald løysing vert fylgd med hundre prosent konsekvens i praksis.

Analyseapparatet i bruk: formuesprofilar

Den grupperinga av innhaldet i eit skifte som eg føreslo ovanfor, lånte mest frå undersøkinga til Engevik (1975). Arbeidet hans gir ein interessant prøve på korleis velvalde kategoriar kan opna for innsikt i det førindustrielle økonomiske systemet. Engevik rangerte skifta

sine i fire grupper på aksen fattig-rik og studerte så korleis formuen prosentvis fordelte seg på dei ulike kategoriane som var oppretta ved hjelp av analyseverktøyet. Ved å førestilla seg velstandsvekst som prosess kunne han dermed spørja kva typar eigneluter aukande rikdom nedfelte seg i. Han fekk då dette biletet:

	Fattige dels	Mid- ande	Velstå- nde	Rike
BRUTTOEIGE	100	100	100	100
GJELD	39	24	14	10
NETTOEIGE	61	76	86	90
Bruttoeiga oppløyst:				
1. Krav	0	0	3	16
2. Jordegods	0	3	30	22
3. Lausøyre	100	97	67	62
SUM	100	100	100	100
Lausøyret oppløyst:				
A. Buskap	44	45	36	17
B. Gjenstandar	56	55	64	83
SUM	100	100	100	100
Gjenstandar oppløyste:				
a. Nyttegjenst.	99	89	80	57
b. Overskotsgj.st.	1	11	20	43
SUM	100	100	100	100

Tabellen er firedelt der kvar ny del utdjuar ein av kategoriane i den føregåande. Første del viser at di meir velståande eit skifte er, di mindre betyr gjelda forholdsvi. Det er likevel langt frå tilfelle at dei rikaste er gjeldfrie. Det vanlege for dei er å ha både gjeld og uteståande krav. Dette syner poenget som er omtala tidlegare: Gjeld må ikkje oppfattast som utelukkande eit armodsteikn. Løysar ein no bruttoeiga opp i tre hovudkategoriar, skjer det med stigande velstands-

nivå ei relativ forskyving frå lausøyre over mot jordegods og vidare mot uteståande krav (utlånte pengar). Splittar ein som i tredje del av tabellen lausøyret i buskap og (andre) gjenstandar, viser det seg at dei rikaste har flytta stadig meir av eiga si bort frå buskap og over mot gjenstandar. Desse gjenstandane har Engevik til sist løyst opp i nyttegjenstandar og overskotsgjenstandar. Ikkje overraskande kjem det for ein dag at dei fattige omtrent fullstendig manglar luksusting, medan dei blant rike utgjer 43 prosent av alle gjenstandane.

Summen av dette er då at i Engeviks sunnhordlandske skifte frå tiåra rundt 1700 vert tiltakande rikdom styrt bort frå lausøyre i vidaste forstand over mot jordeige, og så i eit neste steg over mot utlånte pengar. Det er heilt klart at det beste produksjonsmidlet til ein vestlandsbonde, buskapen, ikkje profiterer på velstandsauken. I staden ser ein også ein uproduktiv parallell til jordegodset og utlåna, nemleg ein praksis med å setja auka velstand på rein utstilling ved å investera i luksusgjenstandar. Eg skal ikkje bruka plass på å utbrodera vidare kva dette røper både om stagnerande jordbruk og om skarpe og «eksponerte» sosiale ulikskapar.

Analyseapparatet i bruk: jamføring over tid

Ein elementær og tilsynelatande sikker bruk av skiftematerialet skjer når ein studerer formuesutvikling over tid. Rett nok veit vi frå innlegga til Winge og Hutchinson at juridiske og demografiske endringar kan slå ut på representativiteten og føra til at periodar ikkje er så samanliknbare som det kan synast. Men eg vil gjerne bruka undersøkinga til Tranberg (1979) som eksempel på kor krevjande ei samanlikning jamvel over kortare tidsrom kan verta.

Tranberg granska bondeskifte i Larvik grevskap i dei to periodane 1734-38 og 1764-68. Ho konstaterte ein ganske klar vekst i gjennomsnittsformuane over dei tretti mellomliggjande åra. Likevel var ho

kritisk nok til å ofra ganske mykje plass på ei drøfting av om denne veksten var reell. Nokre av spørsmåla som ho og vi kan stilla, er: Auka gjenstandsmassen? Var det i så fall fordi folk fekk fleire av dei same tinga dei hadde hatt i 1730-åra? Eller dukka nye gjenstandsgrupper opp? Men i tillegg kjem mistanken om endringar i takseringspraksis: Blei takseringane meir marknadspåverka og dermed meir realistiske? Eller kan eventuell auke i satsane avspegla noko anna, nemleg at gjenstandane vart av betre kvalitet? Eller kan det heile avhenga av noko så utanforståande som fallande pengeverdi?

Svaret vart at fleire av desse ulike faktorane truleg hadde gjort seg gjeldande, men utan at det alltid var råd å greia dei tydeleg ut frå kvarandre. Staselege kyrkjesledar var ei gjenstandsgruppe som eksponderte i antal og etter alle solemerke også i utkroting og verdi. Ei slik gruppe ville då vera ueigna til å avdekkja prisauke i perioden. Derimot kunne eit allment inntrykk av ressurskort og stillstand i jordbruket kanskje gi grunnlag for ein hypotese om stabil realverdi på td. ei gjennomsnittsku. Dermed skulle denne kategorien betre kunna avsløra om prisutviklinga var inflatorisk. Ein ser med andre ord at jamføring over tid krev ei mengd kontrollar i materialet, med skarpt auga for kva gjenstandsgrupper som kan brukast til kva.

I forlenginga av Tranbergs studie kan ein også peika på nytten av ei viss tenking i enkle økonomiske modellar. Sei at eit lokalsamfunn opplever eit økonomisk tilbakeslag med minkande inntekter for det einskilde hushaldet. Korleis kan dette tenkjast å slå ut på innhaldet i dødsbua? Ein kan førestilla seg at folk freista å kompensera inntekts-svikten ved å realisera noko av eiga si (som ville føra til minkande bruttoformue) eller ved å ta opp lån eller tøya kjøpmannskreditten (som ville slå ut i minkande nettoformue). Den første løysinga krev at ein har noko lett omsetteleg i buet, td. kontantar eller edelmetall. Det er nok grunn til å tru at det meste av gjenstandsmassen ville vera useljeleg i eit miljø der alle hadde dei same tinga og mangla interesse for å skaffa seg noko meir. Den andre løysinga føreset at hushaldet

hadde eit fast kundeforhold hjå ein kjøpmann. Ein tredje strategi kunne vera rett og slett å innskrenka forbruket og suga på labben, noko som ville vera omtrent usynleg i skiftet. Med eitt unntak: Var det tale om ei krise i eit jordbrukssamfunn, skulle ein nok venta å sjå dei negative utslaga på buskapen og såkornet.

Så langt nedgangstider. Somme har oppfatta td. overgangen til sjølveige som det motsette, som teikn på velstandsvekst. Modelltenking her vil vel indikera at sjølveigejord berre representerer ei ompostering i skifta, med tilsvarande nedgang for dei betalingsmidla som bøndene må ha hatt for handa. Her er det likevel eit stort problem for oss at kontantar opptrer så sjeldan i skifta: Ein må rett og slett undrast på om kistebotnen var tom, eller om han ikkje vart granska når buet skulle takserast. I baa fall vil sjølveiga representera ein fiktiv formuesauke. Dersom kjøpesummen vart lånt, er biletet greiare: Jordeiga ville auka bruttoformuen, men oppvegast av gjelda, og nettoformuen ville stå som før.

Arvingens synsstad

Det er forunderleg korleis skifta som juridisk akt får oss til å tenkja tilbakeskuande: Vi spør kor mykje buet hadde samla seg opp, men ikkje kor mykje arvingane fekk. For den vidare historia er det sjølv-sagt det siste som er det vesentlegaste. Ja, ei fullgod forståing av formuesutviklinga over lengre tidsom er knapt mogeleg utan å skoda i begge retningane.

Frå arvingens synsstad er det to ting som under elles like omstende kan påverka overføringa av ein viss formue: talet på medarvingar og tidspunktet for arveoppgjæret. Her er det demografiske skilnader og endringar slår inn med stor kraft. Med fallande mortalitet og aksellererande folkeauke frå midten av 1700-talet vert det relativt fleire arvtakarar i den yngre generasjonen i høve til arvlatarar i den eldre. For den einskilde arvingen kan dette medføra mindre porsjonar sjølv

om formuesutviklinga for dødsbua var positiv. Fallande mortalitet vil også «seinka» dødsfalla og føra til at arvingane i gjennomsnitt mottok arv på eit seinare tidspunkt i livssyklusen. Stadig fleire vil først få denne støtta etter at dei er forbi den vanskelege etableringsfasen. Endeleg er her viktige sosiale skilnader: Til ut på 1800-talet var barnekulla jamt over større i dei meir velståande samfunnsgruppene enn i dei fattige. Dette har truleg hatt ein viss utjamnande effekt på den totale formuesoverføringa i samfunnet. Forholdet snur delvis til det motsette ved inngangen til 1900-talet, då fødselsreguleringa gav mange av dei privilegerte gruppene dei minste barneflokkane.

Desse faktiske tilhøva talar for at ein ikkje berre festar seg ved formuessummane i dødsbua, men brukar utloddingane i skifta til også å fylgja storleiken på dei arveporsjonane den fylgjande generasjonen mottok.

Utnytting av skiftematerialet i databasar

Dette innlegget har krinsa om kjeldekritiske og metodiske spørsmål som reiser seg når ein vil utnytta skifta til å granska bondesamfunnets økonomiske og sosiale historie. For ein forskar som er oppteken av å finna gode EDB-løysingar for lokalhistorikarar, er det uråd å avslutta utan å gjera seg nokre tankar om korleis teorien kan omgjerast til praksis. Eg tenkjer meg då inn i eit bygdebokprosjekt som omfattar både gards- og ættesoge og allmenn bygdesoge.

I eit slikt prosjekt vil lokalhistorikaren normalt arbeida innanfor stramme tidsrammer og må heile tida verja seg mot råd om å bruka fleire og fleire kjelder meir og meir intensivt. Som alt nemnt er skifta kjennemerke som ein stor kjeldetype med ein enorm detaljrikdom. Det er altså tvingande nødvendig å søkja opplegg av det strengt nødvendige slaget. Som eit utgangspunkt for meir handfast tenking ser eg for meg ei løysing med registrering av skifta i tre ulike databasar. Registreringa er heile vegen grunna på utval, anten utval av skifte

eller utval av stoff innanfor det einskilde skiftet igjen. Eg kallar dei tre basane for ein personbase, ein skiftebase og ein gjenstandsbase.

I *personbasen* er siktemålet å ta vare på den mest verdfulle personinformasjonen som ligg i skifta. Ein registrerer då alle skifte, men kan velja å avbryta på eit tidspunkt då dei lokale kyrkjebøkene og nominative folketeljingar stort sett gir dei same opplysningane like godt. 1801 eller 1815 er moglege sluttpunkt. Personbasen har vesentleg interesse for gards- og ættesoga. Han vert slik oppbygd at kvar post (registreringseining) er ein person omtalt i skifta. Han må kunna fanga både avdøde og arvingane. Posten kan byggjast opp med felt for desse opplysningane:

- 1) Skifteidentifikasjon (med avdødes namn, evt. dødsdato, skiftedato, stad osv.)
- 2) Personen (avdøde eller arvingen)
 - a) namn
 - b) barn av (namn)
 - c) gift med (namn)
 - d) lever (ja/nei)
 - e) barn etter seg (ja/nei)

På grunn av talet på personar er det eit vilkår at posten vert utforma svært knapt, elles vil registreringa ta for lang tid.

I *skiftebasen* skal det skrivast inn stoff frå samtlege skifte. Også her kan ein vurdera å slutta av på eit tidspunkt når materialet vert tilstrekkeleg urepresentativt eller tungvint å arbeida med. Eg ville nok i dei fleste tilfella vurdera å gå eit stykke inn på 1800-talet før eg sette sluttstrek. Posten i denne basen er det einskilde skiftet. Utvalet av opplysningar er meint å koma til nytte både i gards- og ættesoga og i allmennsoga. Det er dei summariske formuestilhøva som står i fokus. Desse dataene bør det avsetjast plass til:

- 1) Den avdøde (identifikasjon av skiftet)
- 2) Økonomiske data
 - a) Bruttoeige (fordelt på jordegods, hus og lausøyre)
 - b) Krav
 - c) Gjeld
 - d) Utlegg
 - e) Nettoeige (til deling)

Merk at dette er mindre enn det eg tilrådte av gjenstandskategoriar ovanfor. Grunnen er at det ikkje er tid til meir enn ei flyktig gjennomlesing av skiftet. Ein må derfor nøya seg med opplysningar som skiftet gir direkte eller som ein kan få ut ved enkle søke- eller rekneoperasjonar.

I den tredje og siste *gjenstandsbasen* blir detaljeringsgraden derimot stor. Her må ein derfor redusera registreringsvolumet ved berre å ta med eit lite utval av skifte. Utvalet må vera tilfeldig og skje slik at dekninga langs den kronologiske aksen blir jamn. Siktemålet er å fylgja den materielle kulturen i bygda over tid. Resultatet vil ha størst interesse for allmennsoga. Post i denne basen er ikkje skiftet, sidan det ville krevja ein uhyre innfløkt feltstruktur. Registreringseininga er i staden kvar einskild utlodda gjenstand eller gjenstandspart i skiftet. Dersom ein berre tek med kva skifte gjenstanden høyrer heime i, kan det totale skiftet monterast saman att som summen av gjenstandane. Posten kunne sjå slik ut:

- 1) Den avdøde (identifikasjon av skiftet)
- 2) Gjenstand eller eignelut
 - a) Type
 - b) Verdi
 - c) Om det gjeld ein del av ein gjenstand, ein enkelt gjenstand eller fleire gjenstandar
- 3) Mottakaren

Her får ein vita i detalj kva eit tilfeldig utval av skifte inneheldt av

eigneluter, og ein kan sjå skilnader etter sosial gruppe og over tid. Ein kan også venda perspektivet og sjå kva einskildpersonar mottok i arv frå eitt eller fleire bu. Oppsettet i denne basen er det som vanskelegast let seg avgjera generelt. Det bør nok utformast i nøye samsvar med den einskilde lokallhistorikarens interesser og siktemål. Særleg viktig er kanskje valet av gjenstandstypologi. Mange vil truleg ynskja både å bruka skiftets egne termar og i tillegg ei overordna gruppering av den typen vi har vore inne på i tidlegare avsnitt.

Litteratur

- Andersen, Kåre 1986. *Skifter og EDB*. Utrykt hovedfagsoppgave. Universitetet i Oslo.
- Engevik, Anders Kåre 1975. *Bonde og embetsmann. Ei undersøking av formuestilhøve hjå bønder og embetsmenn i Søndhordlehn fogderi 1690-1722 uttrykt gjennom arveskifte*. Utrykt hovudfagsoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Hutchinson, Alan 1992. *Skifteprotokoller som kilde til studier av materielle kår. En kildekritikk med utgangspunkt i en undersøkelse av skifter fra Salten fogderi på 1700-tallet*. Utrykt hovedfagsoppgave. Universitetet i Tromsø.
- Tranberg, Anna 1979. *Bønder og husmenn i Laurvigen grevskap på 1700-tallet. En undersøkelse av deres økonomiske forhold*. Utrykt hovedfagsoppgave. Universitetet i Oslo.